

- Det er risikofylt å krysse FV57, då det ikkje er eit overgangsfelt til busslomma. Trafikken er tett og høg sjølv om det er 60-sone. Det er ønske om fotoboks/måling av gjennomsnittfart.

Forslagstiller sin kommentar: *Det er på side 28 tilført 3 dødsulykker og fartsgrensa vert justert til 60 km/t. Planforslag vil likevel ikkje utgjere ein risiko for trafikktryggleiken på tilgrensande vegnett. Ønske om fotoboks og målingar av gjennomsnittsfart anbefalast. Fartsgrensa gjennom tettstaden burde vore sett ned til 50 km/t. Det er også viktig å ha ein dialog med kommunen i samband med utbyggingsavtalen.*

Administrasjonen si vurdering: *Ein er samd i at kryssinga av FV57 kan vere farleg. Dette er tiltak som ligg utanfor planområdet, og må difor løysast på andre måtar.*

- Planområdet til dels er planlagt utanfor det som i flg. Lindås kommune er satt av til byggefelt.

Forslagstiller sin kommentar: *Planområde er på tre små områder planlagt noko utanfor det som er satt av i kommuneplanens arealdel. Dette er i nordvest, i sør aust mot og i aust. Nye bustader er likevel trekt 4 meter frå eigedomsgrensa og 15 meter frå senterlinja på FV 415. Det er naturleg å følgje eigedomsgrensa.*

Administrasjonen si vurdering: *OK.*

- Kommunen bør gje utbyggjar pålegg om å rive den gamle løa som står på 116/63. Den ligg kloss i FV 415, og vert farleg dersom den ramlar ned.

Forslagstiller sin kommentar: *Dette vert ivaretatt i byggeperioden. Leggjast inn i rekkefølgje føresegner.*

Administrasjonen si vurdering: *OK.*

- Dei ønskjer garasjen i forlenginga av parkeringsplassen i nord. Slik den er teikna inn vil den ligge i hagen og medføre riving av uthuset, samt at ein må opp med ein støttemur på 1,5 meter.

Forslagstiller sin kommentar: *Avkjørsla til privat bustad bør ligge der den ligg sidan høgde på veg ved avkjørsla er på kote 38,5. For å greie å koma opp til bustad på kote 42 må vegen være ca 28 meter lang. Tomtegrensa i reguleringssplan flyttast og tilkomstveg forlengast, og dermed vert 116/61 større. Dette blei akseptert i møte med eigar av bustaden.*

Administrasjonen si vurdering: *OK.*

- Det er høg utnytting og med 9 meter mønehøgde er mogleg å få inn ein kjellarleilegheit. Med ei så stor utbygging i ein så lita bygd kan få heile samfunnet til å rakna og at det ideelle hadde vert 4-5 einebustader om gangen med nokon års mellomrom.

Forslagstiller sin kommentar: *Frittliggjande småhusbusetnad vert 3 etasjar pluss garasje/parkering. Det er naturleg å bygge etappevis og då BK først og deretter BF evt. motsatt.*

Administrasjonen si vurdering: *OK.*

- For lite leikeplass kan erstattast av færre bustader.

Forslagstiller sin kommentar: *Det er nok leikeplass i planområdet.*

Administrasjonen si vurdering: *Administrasjonen finn ikkje grunn til å be om ytterlegare reduksjon av bustadarealet enn det som allereie er føreslått.*